



Sommarturneringa

Tilslutnaden har vore noko mindre enn venta, ein heller dramatisk nedgang samanlikna med fjoråret. Totalt har me spelt 17 (18) kveldar, 302 (395) par spelte i open og 143 (182) par i rekruttpuljen (tal for 2010 i parentes).

Me kan gratulere Robert Veland som vinnar i open pulje og første napp i den nye vandrepokalen, noko som først vart avgjort siste spelekveld. I rekruttpuljen (maks ruternål) vann Henry Wathle – i år som i fjor. Gratulerer!



Premierte samanlagt:

Open pulje:

1	Robert Veland	458,31
2	Terje Sæbø	456,67
3	Lisbeth K. Glærum	456,42
4	Vidar Kjøraas	456,37
5	Erik Eriksen	456,13
6	Martin Ivar Henden	437,31
7	Gerhard Leiten	435,34
8	Sigmund Sæbø	434,27
9	Steinar Kyrkjebø	431,99
10	Roald Mjøs	430,88

Rekruttpulje:

1	Henry Wathle	466,22
2	Bjørge Brynie	462,86
3	Rune Sagstad	458,67
3	Henry Knudsen	458,67
5	Alf Selvik	430,02

Klubbkveldane

Startar i kveld, 6. september, med einkvelds turnering. Opplegget utover hausten er ikkje heilt klarlagt, men klubbmeisterskapet vil bli avvikla over 5 kveldar i

november. Så har ein tanke om å setje av to kveldar i oktober til lagturnering – me får sjå kva det blir til.

Klubbturen

Vart utsett i vår, men går av stabelen helga 30. september – 2. oktober. Denne gongen dreg me til Øystese, og kjenner oss trygge på at me finn oss vel til

rette på Hardanger Fjordhotell. Som vanleg vert det singelturnering laurdagen. Påmelding til Sigrun – fristen er 9. september.

BM lag

Startar 22. september, og vert i denne sesongen spela i Åsatun 10 torsdagar. B-puljen er open, og me ventar at det melder seg fleire lag frå klubben. Nærare

opplýsningar på kretsens heimeside og på oppslagstavla. "Hva nøler I etter?"

NM klubblag

Fristen for påmelding er 1. oktober til NBF, dvs 30. september til klubben, som rangerer påmeldte lag.

Klubben betalar startkontingenten, føresetnad er at ein deltar jamnleg på klubbkveldane.

Seriemesterskap – 4. divisjon

Fristen for påmelding er 1. oktober. Første spelehelg er 12. – 13. november, andre spelehelg er 4. - 5. februar.

Klubben betalar halve startkontingenten, føresetnad er at ein deltar jamnleg på klubbkveldane.

Åsane Cup

Går av stabelen laurdag 24 september. Open pulje med forbundspoeng, og eigen pulje for dei med maks

ruternål, her er det kretsapoeng å hente. **Meld dykk på jo før jo heller – me har lite lyst å avlyse som i fjor!**

God Klubbsesong!

3 x slem!

Siste sommarturnering streva underteikna saman med Alf Dalland på botnen av resultatlista dei 6 første rundane. Men så kom dette spelet:

Rundenr 7	♠ Q8642
Spillnr 20(20)	♥ 82
Giver: Vest	♦ 8743
Sone: Alle	♣ 96
♠ AKT3	♠ J9
♥ AKT	♥ Q75
♦ KJ5	♦ A9
♣ A32	♣ KJT874
♠ 75	
♥ J9643	
♦ QT62	
♣ Q5	

Eg opna i Vest med (sterke) 2 kløver, makker melde 3 kløver som viste ei positiv hand med minst 5, gjerne 6 kløver. Etter å ha konstatert

ved Blackwood at alle topphonnørar var tilstades, la eg kontrakten i 7 NT som gav delt topp og 15 poeng til ein slunken poengkasse. 3 bord stogga i 3 NT, eitt bord valde minorslemmen 6 kløver, resten roa ned med 6 NT.

Neste spel i same runde var dette:

Rundenr 7	♠ 98632
Spillnr 21(21)	♥ AT
Giver: Nord	♦ J532
Sone: Nord-Syd	♣ QJ
♠ KJ	♠ AQ7
♥ 987	♥ K53
♦ Q98	♦ AKT
♣ AK432	♣ 9875
♠ T54	
♥ QJ642	
♦ 764	
♣ T6	

Makker i Øst opna med 1 NT, eg melde 2 sp (overføring til minor) og makker melde 3 kløver. Me hadde bruk for

poeng, og enden på visa var at eg prakka kløverslem på makker, idet eg sa at "eg var stygg mot deg no, makker" og fekk svaret "eg har rygg til å bera det". Med snill kløversits og hjarter konge plassert bak esset var det 12 stikk å hente – det gav rein topp og 16 poeng. Ved alle dei andre borda var meldt 3 NT, med hhv 10, 11 og 12 stikk som resultat.

Rundenr 8	♠ QJ2
Spillnr 22(22)	♥ AJ92
Giver: Øst	♦ J3
Sone: Øst-Vest	♣ KQT9
♠ A95	♠ 83
♥ KQ85	♥ T43
♦ T87	♦ 94
♣ J53	♣ A87642
♠ KT764	
♥ 76	
♦ AKQ652	
♣	

Så kom første spel i runden etter, og desse korta vart utdelt: Her hamna me i kontrakten 6

ruter, etter at motparten hadde blanda seg inn med kløverstamp i første melderunde. Me konstaterte at 6 spar kunne vore ei betre kontrakt. Men denne var det berre to par som fann, medan me var åleine om å spele 6 ruter. 12 poeng vart notert i rekneskapet, og me var straks i betre humør. Sluttresultatet syntte at me avanserte frå -74 til -6 på dei tre siste rundane, noko me var vel nøgde med.

SteKy

Nytt og Nyttig

Me minner om nye reglar vedrAnnonsering

Gjeldende fra 1.7 2011

For åpningsmeldingene 1NT, 2kl, 2ru, 2hj og 2sp skal man i stedet for alertinger, annonsere meldingen. Annonseringa skjer ved at makker til åpnaren sier hva åpningen innebærer, dvs. samme informasjon som står i systemkortet.

For 1NT vil det være intervall (f.eks. «12-14» eller «14 gode til 17») og eventuelt avvikende

fordeling (de som en sjelden gang åpner 1NT med singleton trenger ikke si fra om dette, men dersom det er frekvent, må det klargjøres i annonseringen).

For åpninger på 2-trinnet kan konvensjons navn være nok, dersom den er kjent og parett ikke legger avvikende betydninger i navnet. Det sikreste er uansett å si klart hva meldinga innebærer, heller enn navnet.